

# SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Åge Erstad Remvik	Arkiv:	K1 - 002
Arkivsaksnr:	14/1178 16/8457		

## Sula kommune - vedtak om framtidig kommunestruktur

Utvil:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	14.06.2016	078/16
Kommunestyret	22.06.2016	065/16

### Rådmannen si innstilling:

Sula kommunestyre vedtar at:

Alternativ 1): Sula kommune skal halde fram som sjølvstendig kommune.

Alternativ 2): Sula kommune skal bli ein del av nye Ålesund kommune, og legg intensjonsavtale av 18.03.16 for Regionkommunen Ålesund til grunn for vedtaket.

Tittel	Dok.ID
Faktaark - nøkkeltal - endleg vedtak om ny kommunestruktur	273678
Kommunereforma fram til endleg vedtak i kommunane innan 1. Juli - og fylkesmannen si tilråding innan 1. Okt 2016	267881
Utfordningsnotat_Sula_som_egne_kommune_etter_2020.docx	247844
Regionkommunen Ålesund_Signert intensjonsavtale 180316.pdf	266800
Regionkommune Sunnmøre, sluttrapport pr 21.08.15 med alle vedlegg.pdf	248691
SWOT- analyse Regionkommune Sunnmøre_Sula.pdf	239346
Kommunereforma - intensjonsavtale om etablering av regionkommunen Ålesund	266805
Kommunereforma - endring i rammevilkår for nullalternativet - vidare prosess for Regionkommune Sunnmøre	260297
Kommunereforma - fase 1 - prosessvedtak	225490
170215 Prosesskalender - kommunereform 2015	233374
Framdriftsplan og informasjonsstrategi kommunereform Sula vår 2016 1.0 280116	260897

### 14.06.2016 Formannskapet

Alternativ A) i rådmannen si innstilling vart samråystes tilrådd.

### F-078/16 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtar at Sula kommune skal halde fram som sjølvstendig kommune.

## **22.06.2016 Kommunestyret**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt.

### **K-065/16 Vedtak:**

Sula kommunestyre vedtar at Sula kommune skal halde fram som sjølvstendig kommune.

### **Bakgrunn for saka:**

Alle kommunane i Noreg vart i brev frå kommunal- og moderniseringsministeren av 27.august 2014 invitert til «*å delta i prosessar med sikte på å vurdere og å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar*». Invitasjonen var forankra i stortingsvedtak med fleirtal for å setje i verk og gjennomføre ei kommunereform. Det var i same vedtak fleirtal for at «friviljugheit» skulle vere ein grunnleggjande premiss for arbeidet med reforma, jf. Innst. 300 S (2013-2014).

Sula kommunestyre vedtok 20.november 2014, jf. K- 087/14, å setje i verk ein lokal utgreiingsprosess. Regjeringa si målsetting for reforma vart lagt til grunn, og alternativet «Sula fortsatt eigen kommune» skulle vere vekta like høgt som eventuelle samanslåingsalternativ. Kommunestyret la også til grunn at det skulle vere rådgjevande folkerøysting om spørsmålet.

Sidan den gong er det skrive og behandla 18 politiske saker, halde 12 arbeidsgruppemøte, 2 ekstraordinære kommunestyremøte, 3 folkemøte, 2 næringslivsarrangement, seniorarrangement, ungdomsarrangement, 2 innbyggjarundersøkingar, 4 sonderingsmøte, 5 forhandlingsmøte, og ei folkerøysting. I tillegg er det gjennomført to utgreiingsarbeid med interne og eksterne prosessar, skrive 30 heimesidesaker, utarbeid to informasjonsopptrykk til alle husstandar i kommunen, arrangert skrivekonkurranse for ungdom og produsert video frå ungdomsrådet, oppretta og røkta ei eiga facebookside, og sett ny noregsrekord i deltakartal på eitt og same, felles kommunestyremøte i regionkommunesamarbeidet. Lista er ikkje uttømmande.

Torsdag 19.mai 2016 vart det halde rådgjevande folkerøysting i Sula kommune. 53,8% av innbyggjarane møtte fram for å gje si stemme til eit av dei to alternativa som var lagt fram. 89% av dei frammøtte røysta for at Sula skal halde fram som eigen kommune, medan 10,1% røysta for at Sula skal bli ein del av ein ny regionkommune «Ålesund». Då folkerøystinga berre er rådgjevande, og formelt sett berre å rekne for ei høyring i denne samanheng, kvilar myndet til å gjere endeleg vedtak i saka på kommunestyret.

Denne saka tener som ei oppsummering av prosessen og dei to alternativa som er utgreidd for Sula kommune sin del. I den grad det i seinare tid er kome til nye opplysningar om alternativa, ut over det som allereie er lagt fram for kommunestyret i tidlegare saker, vil desse bli presentert og vurdert i saka (inntektssystemet og kommunestruktur i regionen). Fylkesmannen har i brev av 31.03.16 forfatta ei kokebok, sjå vedlegg, for utforming av saksframlegg for endeleg vedtak i denne saka, og delar av saksframlegget er sett opp for å kome Fylkesmannen sine form- og innhaldskrav i møte.

## **Saksopplysningar:**

Denne delen av saksframlegget er i grove trekk strukturert etter Fylkesmannen si sjekkliste for førebuingane fram mot endeleg vedtak. Sjekklista skal starte med ein del grunndata, faktaopplysningar og nøkkeltal (kommunenamn, areal, innbyggjartal mv.). Desse fakta- og nøkkeltala er samla i eige vedlegg til saka.

## **Prosess**

Kommunereform er eit sensitivt spørsmål i Sula kommune, og arbeidet med reforma vart ikkje sett i verk før den formelle invitasjonen frå kommunal- og moderniseringsministeren var mottatt i september 2014. Etter at arbeidet vart starta opp som følgjer av vedtak i kommunestyret i sak K- 087/14, har kommunen følgt Fylkesmannen sin vedtekne milepelsplan fram til dags dato og utan avvik. Døme på interne milepelsplanar for Sula er lagt ved saka.

Målsettinga for arbeidet har vore å gjennomføre ei balansert utgreiing der både det å halde fram åleine, samt minst eitt samanslåingsalternativ vart utgreidd. Då Haram og Ålesund inviterte til samarbeid på nyåret 2015, takka kommunestyret ja til å ta del i utgreiinga av ein storkommune på nordre Sunnmøre. Samstundes vart det innleia eit samarbeid med Giske kommune om å greie ut føresetnadane for å halde fram som eigen kommune, då Giske og Sula har mange fellestrek i høve det å halde fram åleine.

I utgreiingsfasen vart det gjort fleire forsøk på å engasjere innbyggjarane i reformarbeidet. Oppslutninga om folkemøte, seniorarrangement og ungdomsarrangement har vore god blant ei relativt avgrensa gruppe engasjerte innbyggjarar, men må karakteriserast som middels dersom ein vurderer alle aldersgrupper. For å bøte på eit relativt lågt frammøte på folkemøta, vart det utarbeidd ein eigen informasjonsbrosjyre som vart omdelt til alle husstandar sommaren 2015. Presentasjon av Sula sine to alternativ var hovudformålet med i brosjyren, i tillegg til å oppmode til engasjement.

Hausten 2015 låg det meste av reformarbeidet i ro grunna valavvikling og etablering av nye politiske strukturar. Arbeidet med konkretisering av eit storkommunealternativ vart reetablert i desember 2015, og våren 2016 har dei fleste involverte gått tørrskodd frå sonderingsmøter til forhandlingsmøter og inn i politiske møter i eigen kommune.

Føresetnadane for å halde fram som eigen kommune vart (tilsynelatande) radikalt endra gjennom regjeringa sitt høyningsframlegg om nytt inntektssystem. Utgreiingsarbeidet som var gjort i høve føresetnadane for å halde fram som eigen kommune vart då supplert med ei ny saksutgreiing til kommunestyret, jf. vedlagt K-sak 2/16.

## *Intern organisering av arbeidet*

Arbeidet i Sula kommune har vore organisert som følger:

Kommunestyret – overordna mynde og har behandla alle prinsipielle spørsmål i prosessen. Eiga sak om kommunereform er lagt fram i tilnærma alle møte sidan november 2014. Ordføraren har orientert om status for arbeidet i kvart møte.

Formannskapet – har vore styringsgruppe for arbeidet og drøfta vegval og strategi regelmessig i heile perioden.

Arbeidsgruppe – samansett av 3 folkevalde (ordførar, varaordførar og ein frå opposisjonen), 4 frå administrasjonen (rådmann, økonomisjef, kommunalsjef helse og sosial,

formannskapssekretær/sakshandsamar) og ein representant frå dei hovudtillitsvalde (Fagforbundet). Arbeidsgruppa har førebudd swot-analysar, kommunikasjonsstrategi, konsekvensutgreiingar mv. Formannskapet har ved eitt høve bestilt eiga saksutgreiing frå arbeidsgruppa, jf. K-sak 2/16 vedlagt.

Forhandlingsutval – sett ned i november 2015 etter at kommunen vart invitert til konkrete sonderingar om ein regionkommune Sunnmøre. Utvalet vart sett saman frå dei 5 største partia i kommunestyret, med ordførar som leiar og varaordførar som nestleiar. Det var utpeikt vara for alle medlemmene i utvalet, for å sikre brei forankring i prosessen. Rådmannen sjølv deltok ikkje som del av forhandlingsutvalet, men kommunalsjef for helse- og sosial vart utpeikt som rådgjevar for ordføraren i forhandlingsmøta.

Administrasjon/stab – førebuing av saker, møteavvikling, tekstproduksjon og prosessplan har vore sakshandsamar sitt ansvar, med innspel frå sektorane/økonomiavdelinga ved behov.

#### *Ressursar*

Naudsynte administrative personalressursar i høve arbeidet har vore avsett innan eksisterande rammer og tilpassa ved intern omfordeling av oppgåver/ansvarsområde. Det er ikkje ført endeleg prosjektrekneskap for arbeidet, men kostnadene knytt til møteverksemd, informasjonsmateriell, høyring av innbyggjarane mv. er venta å vere gjennomført innan overføringane frå Fylkesmannen til formålet. Tidsbruk og merksemd om reformprosessen i sin heilskap vert vurdert å ha hatt innverknad på anna arbeid og oppgåver, både politisk og administrativt.

#### *Kommunikasjon, informasjon og involvering*

Informasjons- og kommunikasjonstiltak som har vore gjennomført i reformperioden er som følgjer:

- Eige heimesideområde med informasjon om prosess, lenker til aktuelle dokument, saksframlegg og utgreiingsarbeidet
- Til saman 3 folkemøte, i tillegg til ein ungdomskonferanse, eit seniorarrangement og at reforma har vore tema på to næringslivsfrukostar
- Facebookside for informasjon, debatt og spørsmål
- Ei informasjonsbrosjyre til alle husstandar i kommunen
- Innstikk/dobbelsideannonse med informasjon i Sulaposten, omdelt til alle husstandar
- Informasjon har i tillegg vore formidla i ei rekkje interne møte, møte mellom politisk og administrativ leiing og ei rekkje lag, organisasjonar og foreiningar.
- Tett dialog med lokalavisa Sulaposten, som har dekka heile prosessen fyldig og på ein informativ og balansert måte

Det har gjennom heile prosessen vore god dialog med ungdomsrådet, som har engasjert seg i arbeidet. Ungdomsrådet arrangerte mellom anna eigen konferanse om reforma våren 2015, og har våren 2016 halde skrivekonkurranse for ungdom. Informasjon til dei tilsette og tillitsvalde har vore gitt regelmessig, med den avgrensinga usikkerheita om fleire av rammevilkåra har ført med seg. Representant for dei hovudtillitsvalde har gjennom heile prosessen vore medlem i den interne arbeidsgruppa.

#### *Alternativa*

For Sula kommune har to alternativ vore vurdert og utgreidd:

- a) Å halde fram som eigen kommune

*b) Å bli ein del av ein større regionkommune på nordre Sunnmøre*

Andre alternativ har ikkje vore formelt foreslått eller drøfta.

Eit sentralt kjenneteikn ved utgreiinga av Sula sine to alternativ er at prosessane i hovudsak har vore avvikla ved bruk av interne utgreingsressursar, og at prosessane har vore politisk leia og gjennomført.

a) Utgreiinga av Sula kommune sine føresetnadar for å *halde fram som eigen kommune* vart gjennomført som ein swot- analyse, der formannskapet sto føre vurderingane. Under prosessleiring frå KS konsulent vart vurderingane summert opp i eit eige utfordringsnotat som har vore behandla i både det sittande og føregåande kommunestyret. Arbeidet, og utfordringsnotatet, vart strukturert etter regjeringa sine kriterier for måla med reforma.

Utfordringsnotatet speglar den dåverande usikkerheita kring sentrale rammevilkår for kommunane. Kva vil kommunane rundt oss kome fram til, og korleis vil økonomien sjå ut i åra som kjem?

Kort summert opp konkluderer notatet med at Sula kommune har dei føresetnadane som skal til for å kunne halde fram som eigen kommune, innan alle dei fire målområda for reforma. To rammevilkår utanfor Sula sin eigen kontroll vil like fullt svekke denne konklusjonen; utviklinga av inntektssystemet og dei økonomiske rammene kommunen opererer innanfor, og utviklinga i kommunestrukturen nasjonalt, regionalt og lokalt. Desse spørsmåla har inntil nyleg vore usikre eller uavklarte. Dei økonomiske føresetnadane vert kommentert nærmare i eige avsnitt i denne saka, medan det endelege spørsmålet om korleis kommunekartet vil sjå ut etter reforma ikkje vil vere avklart før Stortinget har gjort endeleg vedtak i saka. Lokalt er det likevel rimeleg å anta at det ikkje vil skje store endringar som følgjer av kommunane sine eigne vedtak.

*Utfordringsnotatet «Sula som eigen kommune etter 2020» ligg ved saka og tener som Sula kommune si vurdering av det å halde fram som eigen kommune.*

b) Prosjektet «Regionkommune Sunnmøre», seinare «regionkommunen Ålesund» har hatt som mål å greie ut ein modell for ein framtidig storkommune på Sunnmøre. Deltakar-kommunane har sjølv, i samarbeid med Sunnmøre Regionråd, stått for utgreiingane. Sterke og svake sider har vore analysert, og moglegheiter og truslar ved å bli ein del av ein ny, større kommune er vurdert. Arbeidet har inkludert individuelle vurderingar utarbeidd internt i alle deltakarkommunane, samt eit grundig arbeid i temadelte arbeidsgrupper beståande av deltakarar frå alle kommunane. Arbeidet resulterte i første omgang i rapporten «*Regionkommune Sunnmøre – nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet*», som også inneheld ei prosesstilråding frå styringsgruppa i prosjektet (bestående av ordførarane frå alle deltakarkommunane). Rapporten vart lagt til grunn for forhandlingane om ein intensjonsavtale tok til på nyåret 2016.

Forhandlingane om ein intensjonsavtale for ein storkommune på nordre Sunnmøre, under arbeidstittelen regionkommune Ålesund, vart gjennomført i tidsrommet februar-mars 2016. Sula kommune deltok med eit tverrpolitisk samansett forhandlingsutval, og trass utfordringar som følgjer av den raske framdrifta og ein tett møteplan var den politiske forankringa av arbeidet tilsynelatande god. Avtalen vart signert 18.mars 2016 og lagt fram for kommunestyret for innleiande behandling 14.april. Innhaldet i avtalen vart kommunisert ut til innbyggjarane gjennom ei eiga temautgåve av Sulaposten, ei utgåve som vart levert alle husstandar i kommunen. Kommunestyret vedtok 14.april at intensjonsavtalen skulle ligge til

grunn for eit av alternativa i den rådgjevande folkerøystinga.

*Sluttrapporten «Regionkommune Sunnmøre – nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet», kommunen sin swot-analyse av storkommunen, samt intensjonsavtalen ligg ved saka og tener som Sula kommune si vurdering av alternativet til å halde fram som eigen kommune.*

### ***Resultatet av prosessen***

I løpet av prosessen er det halde to innbyggjarundersøkingar og ei rådgjevande folkerøysting.

Første innbyggjarundersøking vart gjennomført av Sentio Research på oppdrag frå Sunnmøre regionråd i september 2014. På det sentrale spørsmålet «*Hvordan mener du den fremtidige kommunestrukturen for din kommune bør være? Bør kommunen slås sammen med en eller flere av nabokommunene, bør hele Sunnmøre bli en kommune eller bør din kommune være som i dag?*» svarte 68% at Sula kommune burde vere organisert som i dag (N=105).

Andre innbyggjarundersøking vart også gjennomført av Sentio Research på oppdrag frå Sunnmøre regionråd, tidspunkt november 2015. På same spørsmål som referert over var svarprosenten 69% for at Sula burde vere organisert som i dag (N=200).

Folkerøysting: Det vart i samband med innleiande prosessvedtak i Sula kommunestyre hausten 2014 også gjort vedtak om at det skulle haldast rådgjevande folkerøysting om spørsmålet om kommunereform. I eit forsøk på å samordne prosessane blant deltokarkommunane i regionkommune Ålesund vart det bestemt at folkerøystinga skulle finne stad 19.mai 2016. Alternativa som vart lagt ut i folkerøystinga var:

- \_Sula kommune bør bli ein del av regionkommunen Ålesund
- \_Sula kommune bør halde fram som eigen kommune
- \_Veit ikkje/ blank røyst

Folkerøystinga vart gjennomført etter tilnærma same modell og metode som ordinære val. I tillegg var det opna for røysterett for 16- og 17-åringar. Kort oppsummert syner resultat og statistikk frå folkerøystinga følgjande:

Resultatet vart som følgjer:

- 10,1 % - Sula kommune bør bli ein del av regionkommunen Ålesund
- 89,0 % - Sula kommune bør halde fram som eigen kommune
- 0,9 % - Veit ikkje/ blank røyst

Frammøteprosent totalt var på 53,8 %, medan 69,8% av 16- og 17-åringane røysta (det vart halde førehandsrøysting på ungdomsskulen og tilnærma alle 16-åringane røysta denne dagen). 14,8% røysta på førehand.

Det var noko variasjon i frammøteprosent mellom dei fire krinsane (lågast 46,2% og høgast 57,3%). Om vi berre ser på valtingsrøystene varierte andelen som røysta for alternativet «Sula bør halde fram som eigen kommune» frå 92,6% (Langevåg krins) til 76,2% (Solevåg krins).

### ***Vurdering av høyningsresultata***

Sula kommune har i prosessen utmerkt seg ved å at ein stor del av innbyggjarane uttrykker skepsis til å slå seg saman med andre kommunar. Ut frå resultatet frå innbyggjarundersøkingane, folkerøystinga, og haldningane slik dei kjem til utrykk i andre kanalar synast det å vere variasjonar i graden av motvilje mot reforma, både geografisk og

mellan ulike aldersgrupper. Likevel er det gjennomgåande eit tydeleg fleirtal som meiner at Sula bør søkje å halde fram som eigen kommune.

Sula kommune vart sjølvstendig kommune etter vedtak i Stortinget i 1976. Prosessen som leia fram til dette vedtaket er fortsatt ein viktig del av den lokale identiteten til mange innbyggjarar i kommunen. Ein av hovudårsakane til det lokale initiativet om å skilje ut Sula frå Ålesund kommune den gongen var ei tydeleg erkjenning av at innbyggjarane i Sula, som ein utkant i ein større kommune, ikkje vart tilgodesett dei løyvingar som behov og folketal skulle tilseie. Denne erfaringa har i mange høve vore gjort gjeldande i reformprosessen, og forsøka på å teikne opp eit framtidsalternativ der Sula inngår i ein ny og større kommune har ikkje fått naudsynt tillit i folket.

### ***Økonomisk status og utvikling***

Følgjande forhold pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune, jamfør framlagt budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019:

- *Lave frie inntekter samanlikna med andre kommunar*
- *Lave kostnadar på så godt som alle tenesteområda ift behov og samanlikningskommunar*
- *Sterk folkevekst gir stort press på dei kommunale tenestene*
- *Høg og aukande gjeld gir auka utgifter til renter og avdrag*

Det er i økonomiplanperioden lagt opp til bruk av om lag 40 mill. kroner frå disposisjonsfondet, og driftsresultatet for perioden karakterisert som utfordrande. Dei seinare åra har driftsresultata i kommunen vore gode, og kommunen har makta å ha god kontroll, handlefridom og økonomisk styring.

Gjeldssituasjonen syner ei kraftig auke i lånegjeld som andel av brutto driftsinntekter dei siste tre åra, og sjølv om mykje av denne auken er knytt til sjølvkost og rentekompensasjon er rådmannen si vurdering av Sula kommune bør vere varsam med nye tunge investeringar.

### ***Endringar som følger av nytt inntektssystem***

Kommuneproposisjonen for 2017 syner ein foreslått reduksjon i Sula kommune sine inntekter på om lag 7 mill. kroner. Reduksjonen er knytt til innføring av modell for gradert basistilskot (3,7 mill. kroner) og uttrekk av skjønsmidlar tildelt som følger av tap ved førre revisjon av inntektssystemet (barnehagar 4,2 mill. kroner). Forslag til revidert kostnadsnøkkel gir ein pluss for Sula på om lag 900.000 kroner.

Reduksjonen i inntekter vil vere krevjande i ein allereie utfordrande økonomiplanperiode.

### ***Vurdering av framtidig investeringsbehov - handlefridom***

I økonomiplanen ligg det inne investeringar som gir ei venta samla gjeld på om lag 950 million kroner ved utgangen av perioden (2019). Andre investeringar (t.d. helsehus og skule) vil eventuelt kome i tillegg. Auka investeringar reduserer framtidig økonomisk handlefridom.

### ***Vurdering av bærekraft – tiltak i økonomiplanperioden***

Dersom budsjett og økonomiplan blir som planlagt, vil Sula kommune måtte vurdere kostnadskutt og/eller auka inntekter i tida som kjem. Etter KOSTRA-tala er det ingen område som peikar seg ut i høve kostnadsreduksjonar. Eigedomsskatt er ikkje innført i Sula i dag. Dette utgjer det viktige inntektpotensialet som må vurderast.

## *Tilsvarande vurdering for samanslåingsalternativet – regionkommune Ålesund*

Dei viktigaste økonomiske argumenta for regionkommune Ålesund, er:

1. at Sula får behalde basistilskotet i 15 år – og deretter 5 års nedtrapping (utgjer til saman om lag 65 mill. kroner)
2. eingongstilskot i reformarbeidet (30 pluss 60 mill. kroner for regionkommune Ålesund samla)
3. stordriftsfordelar som kan realiserast over tid

Så veit vi at ein prosess med samanslåing også er ressurskrevjande – både i ein overgangsfase, men kanskje også for å utvikle gode demokratiske ordningar lokalt i den større kommunen.

*Moment og argumentasjon for å opprette ein større regionkommune går fram av Sluttrapporten «Regionkommune Sunnmøre – nasjonal slagkraft, regional attraktivitet og lokal identitet», kommunen sin swot-analyse av ein ny storkommune, samt intensjonsavtalen som ligg ved saka.*

### *Noverande og framtidig behov for interkommunalt samarbeid*

Arbeidsgruppa for kommunereforma har i eiga sak til kommunestyret gjort ei overordna vurdering av neverande omfang av interkommunale samarbeid, sjå vedlagt sak 02/16.

Saksutgreiinga syner at Sula tar del i ei lang rekke samarbeid, og at kommunen på fleire område er avhengige av at desse samarbeida, og at dei fungerer godt. Arbeidsgruppa vurderte også at behovet for slike samarbeid kjem til å auke i tida som kjem, som følger av ytterlegare spesialisering, oppgåveoverføring og nye myndigheitskrav, t.d. innan helseområdet.

Opphør eller reforhandling av samarbeida som følger av kommunesamanslåing i regionen vil kunne føre til auka kostnadene for Sula kommune, men omfanget av dette er uvisst.

Arbeidsgruppa problematiserte ikkje nærmare det demokratiske perspektivet ved dei interkommunale samarbeida.

### **Vurdering:**

Kommunane i Noreg er bedne om å gjennomføre ein reformprosess og i to år har mykje tid og energi gått med til denne oppgåva. Eit slikt arbeid, som har som hovudmål å redusere talet på kommunar i Noreg, rører ved djupe og gamle skiljelinjer i norsk politisk historie, og er derfor i særstilling eit politisk spørsmål. Utgangspunktet for rådmannen har derfor gjennom heile prosessen vore at arbeidet må vere politisk styrt også lokalt, og administrasjonen har først og fremst fungert som tilretteleggjar for eit politisk drive reformarbeid. Rådmannen vel også derfor i denne saka å ikkje gi ei tilråding om kva Sula kommunestyre bør vedta.

Regjeringa har lagt opp til ein prosess der kommunane sjølve skal kome fram til ei erkjening av at dei er betre tent med å slå seg saman, og sjølve gjere dette valet. Fylkesmannen ber også kommunane om å grunngje kvifor dei eventuelt ikkje vil slå seg saman, og samstundes forsvare korleis dei skal klare seg sjølve i framtida.

Til det første spørsmålet frå Fylkesmannen vil rådmannen referere nokre av hovudmomenta som er løfta fram i prosessen:

- Sula kommune er ei mellomstor kommune som i snart 40 år har skikka seg vel, levert (og leverer) gode tenester etter dei fleste måleparameter, og har ein økonomi som ikkje skil seg ut i negativ retning i samanlikning med andre kommunar. Mange av dei som kan opplevde tida som del av ein større bykommune vurderer dei siste 40 åra som særslig vellukka.

- Identiteten og kjenslene knytt til lokalsamfunnet framstår som tett knytt til kommunen som politisk fellesskap og produsent av velferdstenester, og ikkje berre øya eller bygda. Dette har kome til uttrykk i alle høyringane og folkemøta som er halde.
- Det er ein utstrakt skepsis blant innbyggjarane i høve det å bli slått saman med ein bykommune. Mange har ikkje tru på at øya Sula vil kome like godt ut av det økonomisk om ein blir ein del av ein større kommune, der tyngre og etablerte politiske og administrative strukturar vil krevje mykje ressursar og merksemd.
- Det er eit tydeleg og sterkt ønskje blant ein stor del av folket at Sula skal bestå som eigen kommune, at retten til medverknad vert halde på det nivået han er i dag, og at utfordringane på regionalt nivå kan løysast på andre måtar enn ved å slå saman kommunar.

På spørsmålet om Sula kan klare seg økonomisk i framtida, så er rådmannen si vurdering at Sula kan klare seg sjølv, vurdert ut frå dei tala vi kjenner i dag. Som beskrive i økonomivurderinga over så står kommunen ovanfor betydelege utfordringar både på kortare og lengre sikt, og etter rådmannen si vurdering vil kutt i kostnadene og/eller auka inntekter (eigedomsskatt) vere naudsynt.

Rådmannen si overordna vurdering av sjølve prosessen er at det har vore gjort eit grundig arbeid, i samsvar med både Fylkesmannen og Sula kommunestyre sine vedtak og føringar. To forhold har sett preg på arbeidet; 1) usikkerheit om rammevilkåra for å halde fram som eigen kommune og 2) eit tidlig vedtak om at spørsmålet skulle avgjerast gjennom folkerøysting. Innbyggjarane og dei folkevalde har forventa informasjon, men det har vore utfordrande å gi klare og gode svar på viktige spørsmål. Samstundes har uavklarte og endra rammeføresetnadene gjort det vanskeleg å leie reformarbeidet på ein tydeleg måte.

I tillegg var det i ein relativt lang mellomperiode lågt engasjement for problemstillingane reforma løftar fram. Dette kan skuldast forventninga om eit nei- resultat i ei folkerøysting, og at resultatet allereie vart rekna for gitt.